

SEVU Etterutdanningsmidlar	
<b>Søknadsgrunnlag</b>	Nordhordalandsregion har fått løyvd kr 80 000,-
<b>Behov</b>	Kompetanseheving i organisasjonsutvikling og endringsarbeid
<b>Mål</b>	<p>-Styrke deltakarane sin kompetanse i systemretta organisasjonsutvikling og endringsarbeid for å auka kvaliteten på det ordinære opplæringstilbodet i barnehage og skule. Dette vil kvalitetsikra det auka arbeidet med systemarbeid som no blir pålagt PP-tenesta.</p> <p>-Målet er at deltakarane i denne etterutdanninga skal bli betre rusta til å analysere behovet for organisasjonsutvikling, og tileigne seg kompetanse i å planlegge, rettleie og i å gjennomføre endringsarbeid i eigen organisasjon, barnehagar og skuler.</p>
<b>Problemstilling</b>	<p>PP- tenesta har eit klart mandat til å gå i retning av meir systemretta arbeid. Det er solid forskning som peiker på auka kvalitet i vårt arbeid , om vi rettar fokus på kva som oppstår i samspelet mellom eleven og dei komplekse samanhengane. Det er særleg i skjæringspunktet mellom tilpassa opplæring/spesialundervisning, PPT har ei særleg rolle framover. Ikkje berre skal vi ha <i>kompetanse</i> innan integrasjon av dei to; systemarbeid og individ, desse føresetnadane ligg til grunn:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Me skal skaffe oss kompetanse til å komme i <i>posisjon</i> til å utføre eit slikt arbeid.</li> <li>2. Me skal vere <i>pådrivar</i> for at ein slik kompetanse vert etterspurd.</li> </ol> <p><u>Viktige bestillingar som er retta mot PP-tenesta i systemarbeidet og føresetnadar som skal på plass:</u></p> <p>-Me skal arbeide med barnet/ eleven som del av eit større system.</p> <p>-Me skal ha kompetanse til å mobilisere alle aktørane som kan bidra til å løyse barnet/eleven sine utfordringar.</p> <p>Me skal ha kompetanse i å arbeide førebyggjande gjennom systemarbeid.</p>
<b>Bakgrunn for problemstilling</b>	Det er ei felles utfordring for fleire av kommunane i Nordhordland er at spesialundervisninga er stigande og ligg over landsgjennomsnittet. Korleis kan PPT- tilsette i Nordhordland

	<p>styrke sin posisjon som rettleiarar av utviklingsprosessar i barnehagar og skular på systemnivå?</p> <p>Utgangspunkt må <u>alltid</u> vere at spesialpedagogisk hjelp/ spesialundervisning verkar. Dersom gjort på rett måte har det ein stor effekt. Barnehage og skule treng hjelp til born og elevar med spesielle behov. Den store utfordringa er den generelle ordinære pedagogiske tilrettelegginga og den ordinære undervisninga. Dess større vanskar, dess meir spesialpedagogisk hjelp /spesialundervisning. Forholda i barnehage og på skulen har så mykje å sei.</p> <p>Utfordringar som og er oppretthaldande faktorar for høg spesialundervisning:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Lågare pedagog/ lærertetthet gjer mindre tilpassa undervisning</li> <li>- Mykje spesialundervisning gjer mindre fleksibilitet</li> <li>- Elevar vert tilmeldt PPT for å synleggjere behov for ressurser</li> </ul> <p>Den sterkaste form for samhandling vil finne stad om den mottakande part faktisk gjer seg nytte av råd og rettleiing som vert gjeven på ein måte som fører til at dei endrar praksis. PPT må leve med usikkerhet om tilfredstillande utbyte er ivareteke. Det handlar om å samspele med fokus på kvalitet i det pedagogiske arbeidet i barnnehagen og i undervisninga på skulen.</p> <p>Er PPT øva og med på dette? Er ein til dømes villig til å ta ansvar når lærer manglar kompetanse på klasseleiing, organisering og pedagogisk tilrettelegging, eller når leiinga er fråværande eller lite tydelege? Korleis påverke dei uvillige?</p>
<p><b>Rammer for satsinga</b></p>	<p>-Tal tilsette som skal delta i etterutdanninga innafor kvart av emna:</p> <p>26 tilsatte</p> <p>-Budsjett for etterutdanninga, inklusiv spesifisering av eigenandel. HiNT Senter ved ledelse ved Johnny Valstad tek 17000 pr. dag ( 51000)</p> <p>-Kva for kompetansemiljø ein planlegger å nytte: Stein Johnny Valstad ved HiNT Kontakt opplysninger email: <a href="mailto:stein.j.valstad@hint.no">stein.j.valstad@hint.no</a> Telefonnummer 95160859</p> <p>-Planlagt varighet av etterutdanninga: 3 dagsamlingar</p>

